

Høyringsnotat

Lovavdelinga
April 2007
Snr. 200700428

HØYRINGSNOTAT – FORSLAG TIL ENDRINGAR I INKASSOLOVA SOM FØLGJE AV PARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 2005/36/EF OG RÅDS DIREKTIV 92/51/EØF SOM ENDRA VED PARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 2001/19/EF

1. Innleiing

Justisdepartementet gjer i høyringsnotatet her framlegg om endringar i lov 13. mai 1988 nr. 26 om inkassovirksomhet og annen inndrivning av forfalte pengekrav (inkassoloven).

Framlegget går ut på at inkassolova § 5 om vilkår for inkassoløyve blir endra for søkarar frå andre EØS-statar. Forslaget handlar berre om løyve til å drive inn pengekrav for andre, såkalla framandinkasso, jf. inkassolova § 5 første og andre ledd. Eit vilkår for slikt inkassoløyve er at den faktiske leiaren må ha minst tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav i løpet av dei siste ti åra. Forslaget går ut på at det blir gjort unntak frå dette kravet for utanlandske søkarar frå EØS. Føresetnaden for at praksiskravet ikkje skal gjelde, er at søkaren kan dokumentere inkassokvalifikasjonar frå ein annan EØS-stat som nemnt i direktiv 2005/36/EF artikkel 13. Bakgrunnen for forslaget er omsynet til EØS-retten.

Forslaget går vidare ut på at det i inkassolova § 4 om vilkår for å drive inkassoverksemd blir gitt ein heimel for å gi forskrifter om mellombels utøving av inkassoverksemd i Noreg. Bakgrunnen for forslaget er også her omsynet til EØS-retten.

2. Gjeldande rett

For at eit foretak skal kunne drive inkassoverksemd i Noreg, krevst at foretaket har inkassoløyve, jf. inkassolova § 4 første ledd. Verksemd som går ut på å drive inn forfalne pengekrav for andre (framandinkasso), kan likevel også drivast i medhald av norsk advokatløyve, jf. inkassolova § 4 tredje ledd. Og verksemd som går ut på oppkjøp og eiga inndrivning av forfalne pengekrav (oppkjøpsinkasso) kan også drivast av institusjonar som har rett til å drive finansieringsverksemd etter lov 10. juni 1988 nr. 40

om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner (finansieringsvirksomhetsloven), jf. inkassolova § 4 fjerde ledd.

Inkassolova § 4 lyder slik:

”§4 Vilkår for å drive inkassovirksomhet

Inkassovirksomhet kan bare drives av foretak som er registrert i foretaksregisteret og har bevilling hvis ikke annet følger av tredje eller fjerde ledd.

Inkassobevillingen skal avgrenses til enten å gjelde inndriving av forfalte pengekrav for andre eller oppkjøp og egen inndriving av forfalte pengekrav. Selskap med begrenset ansvar som har bevilling til ervervsmessig eller stadig å inndrive forfalte pengekrav for andre, skal være suffisient, det vil si at verdien av foretakets eiendeler må overstige foretakets samlede forpliktelser. Det samme gjelder når slik virksomhet drives av et ansvarlig selskap der en eller flere av deltakerne er et selskap med begrenset ansvar, eller av et kommandittselskap der en eller flere av komplementarene er et selskap med begrenset ansvar.

Inkassovirksomhet som gjelder ervervsmessig og stadig inndriving av forfalte pengekrav for andre kan også drives i medhold av norsk advokatbevilling.

Inkassovirksomhet som gjelder oppkjøp og inndriving av forfalte fordringer kan drives uten bevilling av institusjoner som har rett til å drive finansieringsvirksomhet etter lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner (finansieringsvirksomhetsloven).”

Inkassolova skil ikkje mellom permanent og mellombels utøving av verksemda slik direktiv 2005/36/EF gjer. Dersom ein aktør frå ein annan EØS-stat driv med ervervsmessig inndriving av forfalne pengekrav for andre, gjeld vilkåra i inkassolova for å drive inkassoverksemd sjølv om aktøren berre ønskjer å tilby sine tenester mellombels i Noreg. Dette inneber m.a. at foretaket må vere registrert i Foretaksregisteret og ha norsk inkassoløyve. Gjennomføringa av direktiv 2005/36/EF krev at inkassolova blir endra for å leggje til rette for slik mellombels utøving av inkassoverksemd i Noreg, jf. nærmare i punkt 3.2.2 nedanfor.

Vilkåra for å få inkassoløyve følgjer av inkassolova § 5. Føresegna skil mellom løyve til framandinkasso og løyve til oppkjøpsinkasso. Vilkåra for å få løyve til framandinkasso følgjer av § 5 første og andre ledd. Eitt av vilkåra for personleg inkassoløyve etter § 5 andre ledd er at den som faktisk leiar inkassoverksemda, godtgjer å ha minst tre års praktisk erfaring med inndriving av pengekrav i løpet av dei siste ti åra, sjå § 5 andre ledd andre punktum og første ledd bokstav a. Bakgrunnen for praksiskravet er eit ønske om å sikre at den som skal stå for den faktiske leiinga av inkassoverksemda, har eit minimum av faglege kvalifikasjonar, jf. Ot.prp. nr. 2 (1987–88) side 37 og 38. Kravet om tre års praktisk erfaring er problematisk i forhold til EØS-retten, jf. nærmare i punkt 3.1 og punkt 3.2.1 nedanfor.

3. Forholdet til parlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF og rådsdirektiv 92/51/EØF som endra ved parlaments- og rådsdirektiv 2001/19/EF

3.1 Forholdet til rådsdirektiv 92/51/EØF som endra ved parlaments- og rådsdirektiv 2001/19/EF

Rådsdirektiv 92/51/EØF har reglar om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar frå EØS. Artikkel 8 i direktivet lyder slik:

”Where, in the host Member State, the taking up or pursuit of a regulated profession is subject to possession of an attestation of competence, the competent authority may not, on the grounds of inadequate qualifications, refuse to authorize a national of a Member State to take up or pursue that profession on the same conditions as those which apply to its own nationals:

(a) if the applicant holds the attestation of competence required in another Member State for the taking up or pursuit of the same profession in its territory, such attestation having been awarded in a Member State; or

(b) if the applicant provides proof of qualifications obtained in other Member States, and giving guarantees, in particular in the matter of health, safety, environmental protection and consumer protection, equivalent to those required by the laws, regulations or administrative provisions of the host Member State.

If the applicant does not provide proof of such an attestation or of such qualifications the laws, regulations or administrative provisions of the host Member State shall apply.”

Dersom utøvinga av ei regulert verksemd (”regulated profession”) i vertsstaten føreset at det ligg føre eit kompetansebevis (”attestation of competence”), kan altså ikkje vertstaten – under tilvising til manglande yrkeskvalifikasjonar – nekte ein søkar frå ein annan EØS-stat å utøve den aktuelle verksemda dersom søkaren dokumenterer yrkeskvalifikasjonar frå ein annan EØS-stat og stiller garantiar i samsvar med føresegnene i direktivet.

Ein føresetnad for at direktivet skal gjelde for inkassoverksemd i Noreg, er at slik verksemd er regulert verksemd etter direktivet, og at utøvinga avheng av at det ligg føre kompetansebevis etter direktivet. Regulert verksemd er definert i artikkel 1 bokstav f:

“(f) regulated professional activity: a professional activity the taking up or pursuit of which, or one of its modes of pursuit in a Member State, is subject, directly or indirectly, by virtue of laws, regulations or administrative provisions, to the possession of evidence of education and training or an attestation of competence. [...]”.

Kompetansebevis er definert i artikkel 1 bokstav c:

“(c) attestation of competence: any evidence of qualifications:

- attesting to education and training not forming part of a set constituting a diploma within the meaning of Directive 89/48/EEC or a diploma or certificate within the meaning of this Directive, or
- awarded following an assessment of the personal qualities, aptitudes or knowledge which it is considered essential that the applicant have for the pursuit of a profession by an authority designated in accordance with the laws, regulations or administrative provisions of a Member State, without proof of prior education and training being required;”.

EFTAs overvakingsorgan (ESA) har reist spørsmål om forholdet mellom reglane i inkassolova om inkassoløyve og rådsdirektiv 92/51/EØF. ESA deler Justisdepartementets oppfatning om at løyve til å drive oppkjøp og inndriving av forfalne pengekrav for eiga rekning etter inkassolova § 5 tredje ledd ikkje er omfatta av rådsdirektiv 92/51/EØF. Rådsdirektiv 92/51/EØF medfører derfor ikkje behov for å endre reglane for oppkjøpsinkasso.

Spørsmålet er så om løyve til å drive framandinkasso etter inkassolova § 5 første og andre ledd er omfatta av rådsdirektiv 92/51/EØF. I den samanhengen har ESA stilt spørsmål om kravet om minst tre års praktisk erfaring med inndriving av pengekrav er i samsvar med direktivet, sjå inkassolova § 5 andre ledd andre punktum andre alternativ og første ledd bokstav a.

Justisdepartementet har på bakgrunn av kontakten med ESA vurdert forholdet mellom reglane i inkassolova om framandinkasso og rådsdirektiv 92/51/EØF. Departementet har kome til at løyve til å drive inn pengekrav for andre fell inn under rådsdirektiv 92/51/EØF, jf. direktivet artikkel 8 og artikkel 1 bokstav c og f. Departementet viser til at utferding av inkassoløyve inneber ein offentlig autorisasjon til å drive inkassoverksemd i Noreg. Ettersom løyve til å drive inn pengekrav for andre føreset at den faktiske leiaren av inkassoverksemda har tre års praktisk erfaring med inndriving av pengekrav, går departementet ut frå at denne typen inkassoløyve er kompetansebevis etter direktivet, jf. artikkel 8 og artikkel 1 bokstav c andre alternativ. Følgjeleg reknar departementet framandinkasso som ei regulert verksemd etter direktivet, jf. artikkel 8 og artikkel 1 bokstav f.

Justisdepartementet legg etter dette til grunn at Noreg har plikt til å godkjenne inkassokvalifikasjonar frå andre EØS-statar i samsvar med rådsdirektiv 92/51/EØF artikkel 8. Dette inneber at ein utanlandsk EØS-statsborgar ikkje kan nektast norsk inkassoløyve under tilvising til manglande yrkeskvalifikasjonar, dersom søkaren dokumenterer yrkeskvalifikasjonar og stiller garantiar i samsvar med artikkel 8 i direktivet. Kravet om minst tre års praktisk erfaring med inndriving av pengekrav kan på denne bakgrunn ikkje oppretthaldast overfor utanlandske EØS-statsborgarar.

3.2 Forholdet til Parlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF

Parlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar erstattar dei tidlegare yrkeskvalifikasjonsdirektiva, medrekna rådsdirektiv 92/51/EØF. Fristen for gjennomføring av direktivet i norsk rett er 20. oktober 2007.

3.2.1 Direktivreglane om etableringsfridom

Artikkel 13 i direktivet lyder slik:

“Conditions for recognition

1. If access to or pursuit of a regulated profession in a host Member State is contingent upon possession of specific professional qualifications, the competent authority of that Member State shall permit access to and pursuit of that profession, under the same conditions as apply to its nationals, to applicants possessing the attestation of competence or evidence of formal qualifications required by another Member State in order to gain access to and pursue that profession on its territory.

Attestations of competence or evidence of formal qualifications shall satisfy the following conditions:

(a) they shall have been issued by a competent authority in a Member State, designated in accordance with the legislative, regulatory or administrative provisions of that Member State;

(b) they shall attest a level of professional qualification at least equivalent to the level immediately prior to that which is required in the host Member State, as described in Article 11.

2. Access to and pursuit of the profession, as described in paragraph 1, shall also be granted to applicants who have pursued the profession referred to in that paragraph on a full-time basis for two years during the previous 10 years in another Member State which does not regulate that profession, providing they possess one or more attestations of competence or documents providing evidence of formal qualifications.

Attestations of competence and evidence of formal qualifications shall satisfy the following conditions:

(a) they shall have been issued by a competent authority in a Member State, designated in accordance with the legislative, regulatory or administrative provisions of that Member State;

(b) they shall attest a level of professional qualification at least equivalent to the level immediately prior to that required in the host Member State, as described in Article 11;

(c) they shall attest that the holder has been prepared for the pursuit of the profession in question.

The two years' professional experience referred to in the first subparagraph may not, however, be required if the evidence of formal qualifications which the applicant possesses certifies regulated education and training within the meaning of Article 3(1) (e) at the levels of qualifications described in Article 11, points (b), (c), (d) or (e). The regulated education and training listed in Annex III shall be considered as such regulated education and training at the level described in Article 11, point (c). The list in Annex III may be amended in accordance with the procedure referred to in Article 58(2) in order to take account of regulated education and training which provides a comparable professional standard and which prepares the trainee for a comparable level of responsibilities and functions.

3. By way of derogation from paragraph 1, point (b) and to paragraph 2, point (b), the host Member State shall permit access and pursuit of a regulated profession where access to this profession is contingent in its territory upon possession of a qualification certifying successful completion of higher or university education of four years' duration, and where the applicant possesses a qualification referred to in Article 11, point (c)."

Også etter det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet er systemet at der utøving av ei regulert verksemd ("regulated profession") i vertsstaten føreset at det ligg føre bestemte profesjonelle kvalifikasjonar ("professional qualifications"), må vertsstaten tillate søkarar frå andre EØS-statar å utøve den aktuelle verksemda dersom dei dokumenterer yrkeskvalifikasjonar som nemnt i direktivet artikkel 13 nr. 1 eller nr. 2 frå ein annan EØS-stat.

Ein føresetnad for at det nye direktivet skal gjelde for inkassoverksemd i Noreg, er at slik verksemd er regulert etter direktivet og at utøvinga avheng av at det ligg føre profesjonelle kvalifikasjonar etter direktivet.

Regulert verksemd er definert i artikkel 3 bokstav a:

"(a) 'regulated profession': a professional activity or group of professional activities, access to which, the pursuit of which, or one of the modes of pursuit of which is subject, directly or indirectly, by virtue of legislative, regulatory or administrative provisions to the possession of specific professional qualifications; in particular, the use of a professional title limited by legislative, regulatory or administrative provisions to holders of a given professional qualification shall constitute a mode of pursuit. [...]"

Profesjonelle kvalifikasjonar er definert i artikkel 3 bokstav b:

"(b) 'professional qualifications': qualifications attested by evidence of formal qualifications, an attestation of competence referred to in Article 11, point (a) (i) and/or professional experience;"

Dei kompetansebevisa som er omhandla i artikkel 11 bokstav a (i), er skildra slik:

"(a) an attestation of competence issued by a competent authority in the home Member State designated pursuant to legislative, regulatory or administrative provisions of that Member State, on the basis of:

(i) either a training course not forming part of a certificate or diploma within the meaning of points (b), (c), (d) or (e), or a specific examination without prior training, or full-time pursuit of the profession in a Member State for three consecutive years or for an equivalent duration on a part-time basis during the previous 10 years."

Justisdepartementet har vurdert forholdet mellom reglane i inkassolova om inkassoløyve og etableringsreglane i parlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF.

Departementet legg til grunn at løyve til å drive oppkjøp og inndriving av pengekrav for

eiga rekning heller ikkje er omfatta av det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Det blir derfor ikkje gjort framlegg om endringar i reglane for oppkjøpsinkasso.

Justisdepartementet har vidare vurdert forholdet mellom reglane i inkassolova om framandinkasso og det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Departementet har kome til at løyve til å drive inn pengekrav for andre er omfatta av parlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF, jf. direktivet artikkel 13 og artikkel 3 nr. 1 bokstav a og b, jf. også artikkel 11 bokstav a (i).

Departementet ser det slik at løyve til å drive inn pengekrav for andre utgjer ein profesjonell kvalifikasjon etter direktivet, jf. artikkel 13 og artikkel 3 nr. 1 bokstav b, jf. også artikkel 11 bokstav a (i) siste alternativ. Departementet meiner følgeleg at framandinkasso utgjør ei regulert verksemd etter direktivet, jf. artikkel 13 og artikkel 3 nr. 1 bokstav a. Departementet viser til grunngivinga i punkt 3.1 ovanfor.

Justisdepartementet legg etter dette til grunn at Noreg er må godkjenne inkassokvalifikasjonar frå andre EØS-statar også etter det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Dette inneber at ein utanlandsk EØS-statsborgar skal tildelast inkassoløyve, dersom søkaren dokumenterer yrkeskvalifikasjonar i samsvar med artikkel 13 i direktivet. Kravet i inkassolova § 5 andre ledd andre punktum om minst tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav kan heller ikkje etter det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet oppretthaldast overfor statsborgarar frå andre EØS-statar.

3.2.2 Reglane i direktivet om fridom til å tilby teneste

Det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet har, i tillegg til reglane om etableringsfridom, særlege reglar om mellombels tilbod eller utøving av teneste i ein annan EØS-stat.

Artikkel 5 i direktivet lyder slik:

“Principle of the free provision of services

1. Without prejudice to specific provisions of Community law, as well as to Articles 6 and 7 of this Directive, Member States shall not restrict, for any reason relating to professional qualifications, the free provision of services in another Member State:

(a) if the service provider is legally established in a Member State for the purpose of pursuing the same profession there (hereinafter referred to as the Member State of establishment), and

(b) where the service provider moves, if he has pursued that profession in the Member State of establishment for at least two years during the 10 years preceding the provision of services when the profession is not regulated in that Member State. The condition requiring two years' pursuit shall not apply when either the profession or the education and training leading to the profession is regulated.

2. The provisions of this title shall only apply where the service provider moves to the territory of the host Member State to pursue, on a temporary and occasional basis, the profession referred to in paragraph 1.

The temporary and occasional nature of the provision of services shall be assessed case by case, in particular in relation to its duration, its frequency, its regularity and its continuity.

3. Where a service provider moves, he shall be subject to professional rules of a professional, statutory or administrative nature which are directly linked to professional qualifications, such as the definition of the profession, the use of titles and serious professional malpractice which is directly and specifically linked to consumer protection and safety, as well as disciplinary provisions which are applicable in the host Member State to professionals who pursue the same profession in that Member State.”

Artikkel 5 må sjåast i samanheng med artikkel 7. Artikkel 7 nr. 1 og 2 lyder slik:

“Declaration to be made in advance, if the service provider moves

1. Member States may require that, where the service provider first moves from one Member State to another in order to provide services, he shall inform the competent authority in the host Member State in a written declaration to be made in advance including the details of any insurance cover or other means of personal or collective protection with regard to professional liability. Such declaration shall be renewed once a year if the service provider intends to provide temporary or occasional services in that Member State during that year. The service provider may supply the declaration by any means.

2. Moreover, for the first provision of services or if there is a material change in the situation substantiated by the documents, Member States may require that the declaration be accompanied by the following documents:

- (a) proof of the nationality of the service provider;
- (b) an attestation certifying that the holder is legally established in a Member State for the purpose of pursuing the activities concerned and that he is not prohibited from practising, even temporarily, at the moment of delivering the attestation;
- (c) evidence of professional qualifications;
- (d) for cases referred to in Article 5(1) (b), any means of proof that the service provider has pursued the activity concerned for at least two years during the previous ten years;
- (e) for professions in the security sector, where the Member State so requires for its own nationals, evidence of no criminal convictions.”

Justisdepartementet har vurdert forholdet mellom reglane inkassolova om vilkår for å drive inkassoverksemd og reglane om fridom til å tilby teneste i parlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF. Departementet går ut frå at verksemd som går ut på inndrivning av forfalne pengekrav for andre (jf. inkassolova § 2 første ledd første punktum), er omfatta av det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Direktivet er på dette punktet generelt utforma, jf. formuleringa ”services” i artikkel 5 nr. 1.

Justisdepartementet er i tvil om i kva mon reglane i direktivet om fridom til å tilby teneste vil vere praktiske for inkassoverksemd. Departementet viser til at reglane føreset at inkassatoren fysisk flyttar seg til Noreg for mellombels og sporadisk å drive inkassoverksemd her, jf. direktivet artikkel 5 nr. 2.

Justisdepartementet legg likevel til grunn at Noreg er forplikta til å opne for mellombels utøving av inkassoverksemd etter reglane i parlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF kapittel II. Dette inneber at ein inkassator frå ein annan EØS-stat ikkje under tilvising til manglande yrkeskvalifikasjonar kan nektast å kome til Noreg og mellombels utøve framandinkasso her. Føresetnaden er at inkassoforetaket er rettsleg etablert i ein EØS-stat med sikte på å drive inkassoverksemd der, jf. artikkel 5 nr. 1 bokstav a. Dersom verken inkassoverksemd eller opplæring i slik verksemd er lovregulert i etableringsstaten, er føresetnaden at inkassator har drive inkassoverksemd i minst to av dei siste ti åra i denne staten, jf. artikkel 5 nr. 1 bokstav b. Noreg kan stille fleire vilkår ved førstegangs utøving av inkassoverksemd her, jf. artikkel 7 nr. 1 og 2. Kravet i inkassolova § 4 første ledd om inkassoløyve som vilkår for å drive inkassoverksemd, kan etter dette ikkje oppretthaldast fullt ut overfor utanlandske EØS-statsborgarar.

4. Nærmare om forslaget til endringar i inkassolova § 5

4.1 Generelt om forslaget til endringar i inkassolova § 5

Som det følgjer av punkt 3 ovanfor, er det på grunn av våre EØS-rettslege skyldnader nødvendig å gjere framlegg om enkelte endringar i reglane i inkassolova om inkassoløyve. Dette gjeld utelukkande reglane om løyve til å drive inn pengekrav for andre og berre i forhold til utanlandske søkarar frå EØS.

Justisdepartementet har vurdert ulike alternativ for gjennomføring i norsk rett av våre EØS-rettslege skyldnader. Departementet har for det første vurdert om særlege reglar for inkassoløyve til utanlandske søkarar frå EØS bør takast inn i ei forskrift, til dømes i forskrift 14. juli 1989 nr. 562 til inkassoloven m.m. (inkassoforskriften). Ei slik løysing vil hindre at inkassolova § 5 blir ytterlegare komplisert. Departementet har likevel kome til at det gir best samanheng i rettsreglane og best oversikt for potensielle søkarar om alle grunnvilkåra for å få inkassoløyve følgjer av lovteksten uavhengig av kvar den aktuelle søkaren kjem frå. Departementet foreslår derfor å gjennomføre dei nødvendige endringane i inkassolova, og ikkje i inkassoforskrifta.

Departementet har vidare vurdert korleis den nærmare gjennomføringa av EØS-skyldnadene bør skje. Departementet meiner at unntaket frå kravet om minst tre års praktisk erfaring for utanlandske søkarar frå EØS, bør gjerast avhengig av at søkaren dokumenterer yrkeskvalifikasjonar frå ein annan EØS-stat i samsvar med det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet 2005/36/EF.

I denne samanhengen har departementet vurdert om ein slik regel bør givast ved attgiving av innhaldet i direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 og 2, ved tilvising til føreseigna eller ved ein kombinasjon av tilvising til føreseigna og attgiving av hovudvilkåra knytt til dokumentasjon av yrkeskvalifikasjonar frå ein annan EØS-stat. Justisdepartementet meiner at det kan vere ønskeleg i størst mogleg mon å attgi

innhaldet i kravet i direktivet til dokumentasjon av yrkeskvalifikasjonar. Dette vil best ivareta informasjonsbehovet til potensielle søkarar. Informasjonsomsynet må vegast mot omsynet til ein rettsteknisk enkel lovregel. Det må også takast omsyn til at yrkeskvalifikasjonskrava for søkarar frå andre EØS-statar skal innpassast i ein eksisterande paragraf om vilkår for inkassoløyve. Justisdepartementets førebelse oppfatning er at dei ulike omsyna best blir ivaretatt ved ein gjennomføringsregel som kombinerer tilvising til direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 og 2 med attgiving av hovudvilkåra knytt til dokumentasjon av yrkeskvalifikasjonar frå andre EØS-statar.

I punkt 7 nedanfor har Justisdepartementet utforma eit forslag til nytt tredje og fjerde punktum i inkassolova § 5. Forslaget inneber at det for løyve til framandinkasso blir gjort unntak frå kravet om at den faktiske leiaren må ha minst tre års praktisk erfaring med inndriving av pengekrav i løpet av dei siste ti åra. Unntaksregelen vil berre gjelde for utanlandske søkarar frå EØS. Føresetnaden for at praksiskravet ikkje skal gjelde, er at søkaren dokumenterer yrkeskvalifikasjonar frå ein annan EØS-stat som nemnt i direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 eller nr. 2, jf. forslaget til § 5 andre ledd nytt tredje punktum.

4.2 Særleg om kvalifikasjonsbevis etter direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1

Ifølgje forslaget til nytt tredje punktum i inkassolova § 5 andre ledd skal kravet om tre års praktisk erfaring med inndriving av forfalne pengekrav ikkje gjelde for utanlandske EØS-statsborgarar som har kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat som nemnt i direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 eller nr. 2. Kvalifikasjonsbevis etter artikkel 13 nr. 1 er særleg praktisk der inkassoverksemd er lovregulert i heimstaten til søkaren og søkaren har kvalifikasjonsbevis derfrå.

Søkaren må kunne leggje fram kvalifikasjonsbevis – anten eit kompetansebevis ("attestation of competence") eller eit anna bevis for formelle kvalifikasjonar ("evidence of formal qualifications") – som er påkravde i ein annan EØS-stat for utøving av inkassoverksemd der, jf. artikkel 13 nr. 1 første ledd. Kvalifikasjonsbeviset må vere utferda av ei kompetent styresmakt i ein EØS-stat, jf. nr. 1 andre ledd bokstav a. Kvalifikasjonsbeviset må i tillegg stadfeste profesjonelle kvalifikasjonar som minst tilsvare nivået under dei kvalifikasjonane som krevst i Noreg, jf. nr. 1 andre ledd bokstav b. Det siste må sjåast i samanheng med artikkel 11, som inneheld ulike nivå av profesjonelle kvalifikasjonar. Løyve til å drive inn pengekrav for andre utgjer som nemnt kompetansebevis ("attestation of competence") etter direktivet, jf. artikkel 11 bokstav a (i) siste alternativ. Sidan kompetansebevis er det lågaste kvalifikasjonsnivået direktivet opererer med, vil alle kompetansebevis eller bevis for formelle kvalifikasjonar i form av sertifikat eller diplom, vere tilstrekkelege. Det siste vilkåret har dermed ingen sjølvstendig relevans her.

4.3 Særleg om kvalifikasjonsbevis etter direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 2

Lovforslaget § 5 andre ledd nytt tredje punktum dekker også tilfelle der søkeren har kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat som nemnt i artikkel 13 nr. 2 i direktivet. Dette alternativet er særleg praktisk der inkassoverksemd ikkje er lovregulert i heimstaten til søkeren, men der søkeren likevel har kvalifikasjonsbevis derfrå.

Søkeren må kunne leggje fram kvalifikasjonsbevis, anten i form av eit kompetansebevis ("attestations of competence") eller eit anna bevis for formelle kvalifikasjonar ("evidence of formal qualifications"), jf. artikkel 13 nr. 2 første ledd.

Kvalifikasjonsbeviset må også her vere utferda av ei kompetent styresmakt i ein EØS-stat, jf. nr. 2 andre ledd bokstav a. Kvalifikasjonsbeviset må på same måte stadfeste kvalifikasjonar minst tilsvarende nivået under det som krevst i Noreg, jf. nr. 2 andre ledd bokstav b. Som nemnt vil likevel alle kompetansebevis eller bevis for formelle kvalifikasjonar i form av sertifikat eller diplom vere tilstrekkelege. Kvalifikasjonsbeviset må i tillegg stadfeste at innehavaren er blitt førebudd på å drive inkassoverksemd, jf. nr. 2 andre ledd bokstav c.

Dersom kvalifikasjonsbeviset ikkje er lovregulert i den andre EØS-staten, må søkeren i tillegg ha drive inkassoverksemd på heiltid i minst to år i løpet av dei siste ti åra i ein annan EØS-stat, jf. forslaget til føresegn i inkassolova § 5 andre ledd nytt fjerde punktum. Bakgrunnen for dette praksiskravet er direktivet artikkel 13 nr. 2 første og tredje ledd, som opnar for å stille eit slikt krav i visse situasjonar. Dersom søkeren ikkje legg fram bevis for formelle kvalifikasjonar som dokumenterer gjennomført lovregulert utdanning og trening som nemnt i artikkel 3 nr. 1 bokstav e, på eit kvalifikasjonsnivå som nemnt i artikkel 11 bokstav b, c, d eller e, kan ein krevje at søkeren har praktisk erfaring frå inkassoverksemd som nemnt.

5. Nærmare om forslaget til endringar i inkassolova § 4

Som nemnt i punkt 3 ovanfor, meiner Justisdepartementet at det på grunn av reglane om mellombels utøving av teneste i det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet 2005/36/EF kapittel II er nødvendig å foreslå visse endringar i reglane i inkassolova om vilkår for å drive inkassoverksemd. Dette gjeld berre for utanlandske løyvesøkarar frå EØS som mellombels ønskjer å drive framandinkasso i Noreg.

Justisdepartementet har også her vurdert ulike alternativ for gjennomføring av EØS-reglane i norsk rett. Departementet har vurdert om reglar om mellombels utøving av inkassoverksemd bør takast inn i inkassolova eller fastsetjast ved forskrift. Det siste alternativet føreset at det blir gitt ein forskriftsheimel for slike reglar.

Justisdepartementet har kome til at det er mest tenleg å foreslå ein heimel for å gi forskrifter om mellombels inkassoverksemd. Dei nærmare reglane om mellombels utøving av inkassoverksemd i Noreg for utanlandske inkassoforetak frå EØS, vil då

kunne fastsetjast i forskrift 14. juli 1989 nr. 562 til inkassoloven m.m. (inkassoforskriften).

Departementet viser til at det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet systematisk skil mellom mellombels utøving av teneste og godkjenning av yrkeskvalifikasjonar i samband med etablering av verksemd. Ettersom reglane i inkassolova om inkassoverksemd og inkassoløyve regulerer høvet til å etablere inkassoverksemd, er det etter Justisdepartementets førebelse oppfatning ikkje formålstenleg å gi reglar om mellombels inkassoverksemd saman med dei eksisterande lovreglane. Departementet er i tvil om i kva mon reglane i direktivet om mellombels utøving av teneste er praktiske for inkassoverksemd, jf. det som er sagt om dette ovanfor i punkt 3.2.2. Også dette kan tale for at eventuelle reglar om mellombels inkassoverksemd blir plassert i inkassoforskrifta, og ikkje i inkassolova. Vidare taler omsynet til ein oversiktleg og rettsteknisk enkel lovtekst for ei slik løysing. Reglane om mellombels utøving av teneste i direktivet kapittel II er detaljerte og gir høve til å stille opp ei rekke ulike vilkår for at slik mellombels tenesteutøving skal godkjennast.

I punkt 7 nedanfor har Justisdepartementet utforma eit forslag til endring av § 4 i inkassolova. Føresegna i inkassolova § 4 første ledd om inkassoløyve som vilkår for å drive inkassoverksemd, blir foreslått endra ved at det blir tilføydd ei tilvising til eit nytt femte ledd. Saman med forslaget til eit nytt femte ledd inneber dette at inkassoverksemd også kan drivast mellombels i den mon dette følgjer av forskrift. Etter femte ledd kan Kongen gi nærare reglar om slik mellombels utøving av inkassoverksemd.

6. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet går ut frå at forslaget ikkje vil få nemnande økonomiske eller administrative konsekvensar for det offentlege. Forslaget inneber at det blir lettare for inkassoforetak frå andre EØS-statar å få norsk inkassoløyve. Dette kan ha ein gunstig konkurransemessig effekt. Justisdepartementet ser det likevel ikkje som sannsynlig at mange utanlandske inkassoforetak vil starte å tilby sine teneste i Noreg som følge av lovendringa. Departementet viser i denne samanhengen til at utanlandske inkassoforetak allereie etter gjeldande reglar kan tilby sine teneste i Noreg, og til at lovendringa her berre gjeld yrkeskvalifikasjonsvilkåra for å få inkassoløyve i Noreg. Det er derfor ikkje grunn til å tru at lovforslaget vil føre til nemnande meirarbeid for Kredittilsynet, som er tilsynsorgan på området.

7. Forslag til endringar i inkassolova

Justisdepartementet foreslår at lov 13. mai 1988 nr. 26 om inkassovirksomhet og annen inndrivning av forfalte pengekrav (inkassoloven) blir endra slik:

§ 4 første ledd skal lyde:

Inkassovirksomhet kan bare drives av foretak som er registrert i foretaksregisteret og har bevilling hvis ikke annet følger av *tredje til femte* ledd.

§ 4 nytt femte ledd skal lyde:

Kongen kan i forskrift gi regler om at inkassovirksomhet som gjelder ervervsmessig eller stadig inndriving av forfalte pengekrav for andre, også kan drives midlertidig av personer fra andre EØS-stater og kan gi nærmere regler om midlertidig utøvelse av slik inkassovirksomhet.

§ 5 andre ledd nytt tredje og fjerde punktum skal lyde:

Kravet om tre års praktisk erfaring med inndriving av pengekrav gjelder ikke for utenlandske EØS-statsborgere som har kvalifikasjonsbevis fra en annen EØS-stat som nevnt i direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 eller nr. 2. Dersom kvalifikasjonsbeviset ikke er lovregulert i den andre EØS-staten, må søkeren i tillegg ha drevet inkassovirksomhet på heltid i minst to år i løpet av de siste ti årene i en annen EØS-stat.